

Referat campusmøte Sogndal

Dato: 09.11.2023
Tid: Kl. 9.30-11.30
Stad: Møterom Foss Stort

Deltakarar:

Medlemmer: Sigurd Sandvold (leiar), Helene Maristuen (nestleiar), Sandra Opheim (FHS), Deta Gasser (FIN), Ane Kristiansen Solbraa (FLKI), Chris Kenneth Gudmundson (studentrepresentant), Tone Skjerdal (samfunnskontakt og sekretær)

Forfall: Frode Fretland (Ane Kristiansen Solbraa møtte), Adelheid Kristiansen Breidvik og Tore Frimanslund

Sakliste

Sak	Tittel	Ansvarleg	Tidsbruk
10/23	Godkjenning av innkalling og sakliste	Møteleiar	5 minutt
11/23	Studentrekruttering med vekt på campusdimensjonen. Orientering	Møteleiar	30 minutt
12/23	Fagleg leiarforum og campusmøtet. Korleis kan dei dra nytte av kvarandre?	Møteleiar	30 minutt
13/23	Eigedom i Eidet. Status frå Sogndal kommune og drøfting av HVL si rolle	Møteleiar	30 minutt
14/23	Campusutviklingsprosjektet: Tilbakemelding om status i prioriterte tiltak	Møteleiar og samfunnskontakt	5 minutt
15/23	Eventuelt	Møteleiar	5 minutt

10/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkallinga vart utsend 2.9.23. [Referat frå 30.5.23](#) er godkjent på sirkulasjon.

Leiar melde inn ei sak til eventuelt: Fruktkorg

Sandra Opheim melde inn at mandatet for campusmøtet bør diskuterast. Dette vart kopla saman med sak 12/23 Fagleg leiarforum og campusmøtet.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent, med ei sak om eventuelt.

11/23 Studentrekruttering med vekt på campusdimensjonen

Fagansvarleg for studentrekruttering Stine Stangeland Bach og Jeppe Jeppesen orienterte om korleis ein arbeider med studentrekruttering, med vekt på campusdimensjonen (presentasjon i vedlegg).

Spørsmål og diskusjon:

- Bør institutta (eller studieprogram) vera på sosiale medium?
 - HVL frårår å etablera kontoar utanom dei offisielle HVL-kanalane sidan det er vanskeleg å sikra profesjonalitet. Det er betre å publisera og visa fram fagleg engasjement på ein personleg konto
- Forsvaret har hatt stor auke i rekruttering etter endra marknadsføringsstrategi. Har me noko å læra?
 - HVL gjer mykje av det same som Forsvaret i sosiale medium
- Kva kan deltakarane i campusmøtet gjera i lag? T.d. tagga campus Sogndal på eigne kontoar?
 - Ein kan visa fram den faglege aktiviteten, tipsa kommunikasjon om saker og om aktuelle take over-studentar. Visa korleis studentar er med på forskingsprosjekt.
 - Studentambassadørane har fått særskilt oppdrag med å snakka om HVL på eigen heimstad
 - Profilering av Universitetet på Vestlandet vert svært viktig på sikt
- Kan vera vanskeleg å forstå kva studiestad som har dei ulike studia, og å finna att campusane i den digitale marknadsføringa.
 - Studentane har campuskonto og kan visa fram campusane der

Vedtak:

Campusmøtet tek saka til orientering.

12/23 Fagleg leiarforum og campusmøtet. Korleis kan dei dra nytte av kvarandre?

Leiar orienterte om saka.

Diskusjon:

- Fagleg leiarforum Sogndal fungerer godt både når det gjeld å ta opp aktuelle saker, og å diskutera saker som vert behandla i campusmøtet. Forumet er samansett av leiarar som har mynde til å iverksetja tiltak innanfor sine rammer.
- Det er viktig å balansera rolla til fagleg leiarforum slik at sakene ikkje vert avgjort før campusmøtet. Studentane har ikkje rolle i fagleg leiarforum, men har eige campusråd som forum for diskusjon av sakene.

Denne saka aktualiserer spørsmål om mandatet til campusmøtet. Erfaringane frå alle campusmøta skal oppsummerast i sak til toppleiargruppa før jul, med ei vurdering av mandatet. Campusmøtet hadde desse innspel til saka:

- Råd frå campusmøtet skal i dagens mandat gå via sekretariat til Prorektor for regional utvikling, og vidare til rektor og toppleiargruppa. Vegene vert lang til iverksetjing

- Campusmøtet skal arbeida systematisk med campusutvikling, kva inneber dette? Dette kan stå i motsetning til at ein har rådgjevande rolle. Med dagens opplegg er det vanskeleg å arbeida systematisk.
- Korleis skal arbeidet i campusrådet forankrast i fakulteta når medlemmene har ulike roller
- Kan det vera aktuelt å ha eksterne representantar i campusmøtet?
 - Det var ein diskusjon ved etablering av campusmøta. Men HVL bør vera selektiv på kva ein ber eksterne om representasjon til, sidan det fort vert stor belastning på enkeltpersonar.
- Er det aktuelt å kutta ut campusmøtet og heller formalisera det faglege leiarforumet?
 - Det trengs eit campusorgan som gjev råd til toppleiargruppa.
- Korleis skal saker meldast inn til campusmøtet?
- Korleis får ein tilbakemelding til campusmøtet om oppfølging av saker?

Vedtak:

Campusmøtet ynskjer å vidareføra fagleg leiarforum som ein uformell arena.

Campusmøtet ber om tilbakemelding på korleis ein skal ivareta krafta i fagleg leiarforum.

Campusmøtet ønskjer at mandatet for campusmøtet skal vidareutviklast og at moment frå drøftingane i campusmøtet vert tekne med.

13/23 Eigedom i Eidet. Status frå Sogndal kommune og drøfting av HVL si rolle

Torkjel Kristiansen Solbraa og Steinar Nes i Sogndal kommune orienterte campusmøtet om saka (presentasjon i vedlegg). HVL vert utfordra til å bidra både i utvikling av innhald og økonomisk bidrag i oppstartsfasen.

Diskusjon:

- HVL kan bidra til å fylla prosjektet med fagleg innhald. Dette vil vera utviklande for campus Sogndal
- Alle fakulteta ser dette som interessant satsing opp mot eigen fagportefølje.
- Eidet kan brukast i undervisningssamanheng, ein læringshub der ein kan jobba med elevar eller born, ein "tverrfagleg lab", i forskingsprosjekt osv.
- HVL har gode erfaringar med ViteMeir for utvikling av undervisning. Kan ein bruka desse erfaringane i utvikling av dette prosjektet?
- Studentorganisasjonar, td. Sjøspretten og Lurkarlaget, bør koplant inn
- Dette passar godt som oppfølging av campusutviklingsprosjektet, der ei av satsingane var å utvikla samarbeidsrelasjonane med arbeidslivet

Vedtak:

Campusmøtet meiner at det er svært aktuelt for HVL å gå inn som samarbeidspartnar i satsinga Eigedom i Eidet. Det er primært aktuelt å utvikla innhald i satsinga, men økonomisk bidrag kan òg bli nødvendig for å få tiltaket i gang.

Samfunnskontakt/sekretær i campusmøtet held inntil vidare kontakt med kommunen i saka.

14/23 Campusutviklingsprosjektet: Tilbakemelding om status i prioriterte tiltak

I campusmøtet 30.5.23 vart det prioritert å satsa på aktiv læring, med desse tiltaka:

- Skapa eit læringsareal for aktiv læring, til dømes kommunikativ ferdigheitstrening og andre former for aktiv læring.
- Etablere ei arbeidsgruppe som skal laga møteplassar på tvers av fakultet for erfaringsdeling og formidling av fagleg arbeid

Ane Solbraa orienterte om læringsareal: Haakon Georg Moe er prosjektleiar i ADU, og har vore i kontakt med alle fakulteta. Konklusjonen er at det ikkje er nok med 1,3 mill. kr avsett av FLKI, og han har bedt om at dei tre andre fakulteta stiller opp med ein samla sum på 1,0 mill kr. Det er utarbeidd teikningar, og Statsbygg her bedt om estimat på kostnad. Prosjektleiar har bedt om ein person frå kvart fakultet til ei arbeidsgruppe som ser på inventar.

Diskusjon:

- Studentane bør ha med deltakar i arbeidsgruppa for læringsareal
- Dette er ei arealsak som òg handlar om fagleg utviklingsarbeid

Tone Skjerdal orienterte om arbeidsgruppe for møteplassar på tvers for erfaringsdeling om aktiv læring, som campusmøtet 30.05 ynskde å iverksetja.

Diskusjon:

- Spørsmålet om etablering av ei arbeidsgruppe for erfaringsdeling på tvers av fakulteta må inn i saka om campusmøtet til toppleiargruppa. Toppleiargruppa bør leggja ansvar for arbeidsgruppa til andre organ/einingar enn campusmøtet.

Vedtak:

Tiltaka om oppfølging av campusutviklingsprosjektet vert lagt inn i oppsummeringa til toppleiargruppa frå campusmøte Sogndal. Toppleiargruppa tek stilling til råda frå campusmøtet.

15/23 Eventuelt

Fruktkorg på Fossbygget

Leiar orienterte. To dekanar har bedt om campusmøtet skulle ta opp sak om fruktkorg. Leiar har ut frå mandatet til campusmøtet konkludert med at dette ikkje er ei sak for campusmøtet. Saka må i staden takast i linjene.